

Vår i skulehagen

16.04.2010



No er det tida for vårarbeid og 1. klasse har vore i skulehagen og arbeidd, opplyser heimesida til oppvekstsenteret, som biletet over er henta frå. Alle var aktive og stod på.

Dei starta med å spa opp ein liten øker som var heilt tilgrodd.

Under dette arbeidet fann elevane ein masse makk, tussalus, skolopendarar og ei larve. Dei samla og studerte dei og slapp dei i åkeren då den var klar. Så sette dei rabarbrarøter og gule bringebær og seinare skal dei setja poteter.

Ei gruppe laga skilt på sløyden, slik at dei kunne sjå kva som var planta. Det vart også spadd opp eit stykke langs gjerdet og der skal det plantast solsikker.

Elevane planta 4 solsikkefrø i kvar si potte og desse skal få stå i vinduskarmen ei stund. Nokre skal heim og nokre i skulehagen.

Til slutt vart ein gammal jordbæråker gravd fram.